



Den freda eika på Indre Rød, på tunet der Bygdetunet Rød er.

**Visste du at det er seks freda tre i Kvinnherad og at eit av dei ligg i Uskedalen. Ja, det kan vi lesa om i Grenda. I ein interessann arikkel vert vi kjende med Riksantikvaren sitt arbeid i mellomkrigstida med å freda einskild objekt i landskapet. Den store eika på Indre Rød ved Bygdetunet Rød har vernedato 26. mai 1933.**

Verneføremålet er å ta vare på ei gamal eik. Omkrinsen er vel 7 meter, målt i 2012. Treet er definert som ei hol eik og er ein viktig levestad for insekt, sopp og lav. Artsmangfaldet er ikkje granska, men det er truleg rikt.

Hovudstamma er delt i tre stammer. Det er registrert noko greinbrekk, men ikkje meir enn vanleg på så gamle tre.

Av skjøtselstiltak vert nemnd å ta bort greiner som kan vera til skade for eika.



Riksantikvaren sitt verneskilt med Kongens Løve

Tekst/foto: Kristian Olav Bringedal  
Nett: Thor Inge Døssland